

# Genusvariasjon i norsk skriftspråk

2017

Ei undersøking av genusbruken ved substantiv som er normerte som maskulinum og nøytrum

Rapport skriven på oppdrag ifrå Språkrådet

Universitetsbiblioteket, UiT Noregs arktiske universitet

Språkrådet

Philipp Conzett / 11.1.2017

**UiT Noregs arktiske universitet – 2017**

Tlf.: +47 77 64 40 00

E-post: postmottak@uit.no

Web: <http://uit.no/>

**Septentrio Academic Publishing**

<http://septentrio.uit.no/>

Septentrio Reports, nummer 1, 2017

ISSN: 2387-4597

DOI: <http://doi.org/10.7557/7.4077>

Når du viser til denne rapporten, bør du inkludere denne lenkja:

<http://doi.org/10.7557/7.4077>

Rettshavar: UiT Noregs arktiske universitet

Denne rapporten er open tilgjengeleg under Creative Commons Attribution 4.0 International License: <http://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>



# Innhaldsliste

1	Bakgrunn .....	1
1.1	Oppdrag .....	1
1.2	Omgrepsavklåring .....	1
2	Materiale og metode .....	3
2.1	Utgangspunkt og avgrensing .....	3
2.2	Utgangsmateriale .....	3
2.3	Kjelder .....	4
2.4	Innsamling .....	4
2.5	Handsaming .....	5
2.6	Materiale .....	6
3	Hovudfunn .....	7
3.1	Gruppe 1: Substantiv utan eller med få genusbelegg .....	7
3.1.1	Bokmål .....	7
3.1.2	Nynorsk .....	8
3.2	Gruppe 2: Substantiv med dominerande genus .....	9
3.2.1	Bokmål .....	9
3.2.2	Nynorsk .....	10
3.3	Gruppe 3: Substantiv med jamnare genusfordeling .....	13
3.4	Særskilde ordtyper .....	13
3.4.1	Avleiningar på <i>-skap</i> .....	13
3.4.2	Kortavleidde verbalabstrakt .....	15
4	Tilrådingar .....	18
4.1	Generelle råd .....	18
4.2	Innstramming av genussnormeringa .....	18
4.2.1	Fjerning av maskulinum ifrå norma .....	18
4.2.2	Fjerning av nøytrum ifrå norma .....	19
4.3	Vidare arbeid .....	19
	Referanseliste .....	20
	Vedlegg 1 : Utgangsmaterialet for bokmål .....	21
	Vedlegg 2 : Utgangsmaterialet for nynorsk .....	22
	Vedlegg 3 : Oppsett på korpusssøk .....	23
	Vedlegg 4 : Genusfordeling i bokmålsmaterialet .....	24
	Vedlegg 5 : Genusfordeling i nynorskmaterialet .....	34

Vedlegg 6 : Substantiv utan eintydige genusbelegg i bokmålsmaterialet .....	45
Vedlegg 7 : Substantiv med færre enn 10 genusbelegg i bokmålsmaterialet.....	46
Vedlegg 8 : Substantiv utan eintydige genusbelegg i nynorsk materialet.....	49
Vedlegg 9 : Substantiv med færre enn 10 genusbelegg i nynorsk materialet.....	50
Vedlegg 10 : Substantiv med dominerande maskulinum i bokmålsmaterialet.....	53
Vedlegg 11 : Substantiv med dominerande nøytrum i bokmålsmaterialet.....	55
Vedlegg 12 : Substantiv med dominerande maskulinum i nynorsk materialet .....	58
Vedlegg 13 : Substantiv med dominerande nøytrum i nynorsk materialet .....	60
Vedlegg 14 : Genusprofilar for ord i gruppe 2 med omsving i genusfordeling i nynorsk materialet....	62
a) kvelv .....	62
b) pank .....	62
c) negativ .....	63
Vedlegg 15 : Genusprofilar for ord i gruppe 3 med omsving i genusfordeling i nynorsk materialet....	64
a) bordell.....	64
b) formular.....	64
c) kompliment.....	65
d) magma .....	65
e) marmor .....	66
f) narr .....	66
g) nebb .....	67
h) stand .....	67
Vedlegg 16 : Genusfordeling ved ord på <i>-skap</i> i bokmålsmaterialet .....	68
Vedlegg 17 : Genusfordeling ved ord på <i>-skap</i> i nynorsk materialet .....	69
Vedlegg 18 : Genusprofilar for ord på <i>-skap</i> med omswing i genusfordeling i nynorsk materialet .....	71
a) adelskap .....	71
b) brorskap .....	71
c) faenskap.....	72
d) fanteskap.....	72
e) farskap .....	73
f) venskap.....	73
Vedlegg 19 : Genusfordeling ved kortavleidde verbalabstrakt i bokmålsmaterialet.....	74
Vedlegg 20 : Genusfordeling ved kortavleidde verbalabstrakt i nynorsk materialet .....	78
Vedlegg 21 : Genusprofilar for kortavleidde verbalabstrakt med omswing i genusfordeling i nynorsk materialet .....	81
a) bukk.....	81

b)	flin .....	81
c)	flir.....	82
d)	glid.....	82
e)	glis.....	83
f)	gny.....	83
g)	gufs.....	84
h)	knyst .....	84
i)	kremt.....	85
j)	kyss.....	85
k)	puff .....	86
l)	pust .....	86
m)	rammel.....	87
n)	rap.....	87
o)	rykk.....	88
p)	smil.....	88
q)	stogg .....	89
r)	sukk .....	89
s)	sus.....	90
t)	trass.....	90
u)	ul.....	91
v)	ymt.....	91

## **Forord**

Denne rapporten er skiven på oppdrag ifrå Språkrådet. Bakgrunnen for oppdraget og omgrepssav-klåringar er tema for kapittel 1. I andre kapittelet gjer eg greie for materialet og for korleis eg har samla det inn og handsama det. Hovudfunna ifrå undersøkinga er presenterte i kapittel 3. Til slutt kjem eg med nokre tilrådingar i kapittel 4.

Eg vil gjerne takka Sturla Berg-Olsen, Oddrun Grønvik, Anders Nøklestad og Christian-Emil Ore for hjelp med arbeidet med denne rapporten.

# 1 Bakgrunn

I dette kapittelet skal eg kort greia ut om bakgrunnen for denne rapporten og avklåra nokre teoretiske omgrep som er nytt i rapporten.

## 1.1 Oppdrag

Denne rapporten er laga på bakgrunn av eit oppdrag eg fekk ifrå Språkrådet. Oppdraget er del av

*eit større prosjekt for å kartleggje genusvariasjon i bokmål og nynorsk, i første omgang variasjon innanfor dagens normer. Målet med prosjektet er å skaffe til vegar oppdatert kunnskap på feltet, som skal gje betre grunnlag for normeringsarbeidet i Språkrådet.*  
(Frå utlysingsteksten, publisert 12.2.2016 på heimesida til Språkrådet)

Meir konkret gjekk oppdraget ut på å

*kartleggje valfridommen i dei gjeldande normene for bokmål og nynorsk gjennom Norsk ordbank og ut frå dette grunnlaget undersøkje korleis valfridommen er utnytta i skriftlege kjelder. Det kan bli nødvendig å gjere eit utval av ord, t.d. substantiv som er både hankjønn og inkjekjønn. Valfridommen skal kartleggjast ved systematisk undersøking av førekommstar i aktuelle korpus, som Leksikografisk bokmålskorpus, Norsk avis korpus og Norsk Ordboks nynorskkorpus. (Same staden)*

Med genusvariasjon i norsk skriftspråk siktar ein her til tilfelle der eitt og same substantiv er normert med fleire enn eitt genus i ordbøkene. Eg skal kalla slike substantiv for fleirgenusord. Det finst fire typar fleirgenus i norsk skriftspråk. Det er substantiv av typen *greip*, dvs. substantiv som er normerte som femininum, maskulinum og nøytrum. Så har vi typen *klasse*, som er normert som femininum og maskulinum. Den tredje typen er *syn*, som er normert som femininum og nøytrum. Denne typen finst berre i nynorsk ettersom alle hokjønnsord i bokmål også kan brukast som hankjønnsord. Den fjerde typen fleirgenusord er *smil*, som er normert som maskulinum og nøytrum. Undersøkinga av valfridomen i slike fleirgenusord går då ut på å finna ut om språkbrukarar vel det eine framfor det andre genuset i skriftlege tekstar. I kva grad skriv dei t.d. *ein smil* eller *eit smil*? Eg skal koma tilbake til dei fire fleirgenusordtypane i neste kapittelet, der eg òg skal avgrensa materialet.

Utkast til disposisjonen i rapporten er diskuterte undervegs med Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon. Dei fyrste hovudfunna ifrå prosjektet vart presenterte på Språkdagen 2016 (Conzett 2016b).

Det er også oppretta ein nettbasert, dynamisk bibliografi over litteratur knytt til emnet («Bibliografi over litteratur om genusvariasjon i norsk skriftspråk» 2017).

## 1.2 Omgrepavklåring

Dei to omgrepene som skal avklårast her, er genus (eller grammatiske kjønn) og bøyingsklasse. Med genus meiner eg her «[...] klasser av substantiver som viser seg i hvordan tilhørende ord ter seg [...]» (Enger og Kristoffersen 2000, 68). Vi kan illustrera det med utgangspunkt i substantivsystemet i nynorsk. Her varierer t.d. forma på den ubestemde artikkelen *ein* etter kva slags substantiv han står til. Det heiter t.d. *ein stol*, *ei lampe* og *eitt bord*. Med andre ord kan vi dela nynorske substantiv inn i tre klassar, eller tre genus, og dei kallast for hankjønn eller maskulinum, som vi skal forkorta med m., hokjønn eller femininum, som vi skal forkorta med f., og inkjekjønn eller nøytrum, som vi skal forkorta med n. Forma på

ord som står til substantiv, rettar seg altså etter genuset til substantivet. Vi kallar dette fenomenet for genuskongruens.

Det andre omgrepene som skal avklårast her, er bøyingsklasse. Enger og Kristoffersen (same staden) presiserer at det etter deira definisjon er skilnad mellom genus og bøyingsklasse. Bøyingsklasse definerer dei som klassar av ord som blir bøygde på likt vis. I eldre litteratur vert genus og bøyingsklasse til dels blanda i hop. Men det er viktig å halda dei to omgropa ifrå kvarandre. Det ser vi i dette dømet: På nynorsk heiter det *ein streng*, *ei fil* og *eit festschrift*, og dei tre substantiva representerer kvart sitt genus: maskulinum, femininum og nøytrum. Vi har her altså tre genusklassar. Men desse tre orda har same bøyingsendinga i ubestemd form fleirtal, nemleg *-er*. Det heiter altså *strenger*, *filer* og *festschriften*. Med andre ord har vi her berre éin bøyingsklasse.

## 2 Materiale og metode

I dette kapittelet skal eg beskriva materialet som eg har nytta i undersøkinga, og eg skal gje greie for korleis eg har handsama det og lagt det til rette for analyse.

### 2.1 Utgangspunkt og avgrensing

Som spesifisert i oppdragsbeskrivinga var fyrste steget i undersøkinga å kartleggja valfridomen i norsk skriftspråk med utgangspunkt i oppføringane i Norsk ordbank («Norsk ordbank - Institutt for lingvisistiske og nordiske studium» 2016). Norsk ordbank er ein ope tilgjengeleg database som m.a. inneheld alle oppslagsord i Bokmålsordboka og Nynorskordboka, og alle bøyingsformene som er knytte til desse oppslagsorda. Databasen inneheld både rotord, t.d. *smil*, avleiringar, t.d. *borgarskap* og samansetningar, t.d. *vemodssmil*. Men det er ikkje lagt inn informasjon om ordstrukturen, dvs. at ein ikkje på ein enkel måta kan trekkja ut berre rotord eller avleiringar, men ikkje samansetningar. Det er heller ikkje lagt inn krysstilvisingar til jamstilte oppslagsformer, t.d. mellom *venskap* og *vennskap*, eller mellom alternative skrivemåtar, t.d. *trofe* og *trofé*. Slike oppslagsord er i denne rapporten talte kvart for seg, men dei er omtalte saman der det er naturleg.

For fleirgenusord i nynorskdelen av Norsk ordbank har eg analysert ordstrukturen. Der er det i alt 775 usamansette fleirgenusord. Den største gruppa utgjer typen *smil* (m./n.) med 442 ord. Nest størst er typen *klasse* (f./m.) med 262 ord. Av typen *syn* (f./n.) er det 62 ord, og typen *greip* (f./m./n.) er representert med 7 ord.

Som nemnt kan i bokmål alle hokjønnsord òg nyttast som hankjønnsord, t.d. *ei dør* eller *en dør*. Difor utgjer denne typen fleirgenusord ei svært stor gruppe i bokmål. Eg har ikkje gjort nokon tilsvarende analyse som eg gjorde for nynorskdelen i Norsk ordbank for å skilja ut dei usamansette orda. Men om vi ser på alle ordstrukturtypane under eitt, er fordelinga mellom dei ulike fleirgenusordtypane slik: Typen *dør* (f./m.) skil seg ut som den klårt største gruppa med 30 847 ord. Nest størst er typen *smil* (m./n.) med 1166 ord, og minst er typen *greip* (f./m./n.) med 118 ord. Eksemplorda eg har valt for bokmål og nynorsk, viser allereie at det er ein del overlapping mellom fleirgenusorda i dei to målformene.

Innanfor den gjevne tidsramma for prosjektet har eg vore nøydd til å avgrensa materialgrunnlaget for undersøkinga. Eg valde å konsentrera meg om fleirgenusord av typen *smil* (m./n.). Som tala ovanfor viser, har denne typen om lag same storleiken i begge målformene, og talet på rotord i nynorskdelen av Norsk ordbank indikerte at ein grundig analyse av denne fleirgenustypen i begge målformene skulle vera overkomeleg.

### 2.2 Utgangsmateriale

Utgangspunktet for denne undersøkinga er som sagt alle substantiva i Norsk ordbank som er normerte som både maskulinum og nøytrum. Ein del av desse fleirgenusorda er samansette substantiv. Men samansetjing i norsk er ein svært produktiv ordlagingsprosess, og vi kan difor ikkje gå ut ifrå at dei registrerte samansetningane i ordbanken dekkjer alle belagde samansetningar i norsk skriftspråk. Når ein skal undersøkja bruken av samansette ord, må ein søkja på alle moglege førekommstar der eit gjeve ord er nytta som etterlekk. Eg har difor berre valt usamansette fleirgenusord som utgangsmateriale. Nedanfor skal eg forklåra korleis eg med hjelp av desse orda har søkt også på moglege samansetningar.

Utgangsmaterialet for bokmål består av 420 usamansette ord, og det er ord som *promemoria*, *magma*, *nirvana* osb. Desse orda er lista opp i alfabetisk rekjkjefølgje i vedlegg 1. Om vi plukkar ut eitt av dei, ordet *gjesp*, så ser vi at det er normert som *en gjesp*, *gjespen*, *flere gjesper*, *alle gjespene* eller *et gjesp*, *gjespet*, *flere gjesp*, *alle gjespa* eller *gjespene*.

Utgangsmaterialet for nynorsk består av 442 usamansette ord, som er lista opp i alfabetisk rekjkjefølgje i vedlegg 2. Her finn vi t.d. ordet *minutt*, som skal skrivast som *ein minutt, minutten, fleire minuttar, alle minuttane*, eller som *eit minutt, minuttet, fleire minutt, alle minutta*. Både i bokmål og i nynorsk finst det nokre få tilfelle der to fleirgenusord vert skrivne på same måten. Slike homografer er åtskilde med hjelp av romartal i parentes, t.d. *mugg* (III) ‘(lag av) muggsopp’ versus *mugg* (IV) ‘smått avfall’ i bokmål. Det er her nytta dei same romartala som i nettutgåva av høvesvis Bokmålsordboka (Landrø, Marit Ingebjørg og Wangensteen, Boye 2005) og Nynorskordboka (Hovdenak, Marit mfl. 2006).

Det er ein del ord som er oppførte som m./n. i Norsk ordbank, men som likevel er ekskluderte ifrå utgangsmaterialet. Det er ordformer som tidlegare har vore klammeformer, men som i dag ikkje er tillatne lenger, t.d. *solglytt*. Og det er namn på språk, t.d. *norsk*. Her er dei to normerte genusa knytte til kvar sin syntaktiske bruk, som illustrert i Nynorskordboka (Hovdenak, Marit mfl. 2006): *norsken hans* (m.) versus *på godt norsk* (n.). I Nynorskordboka er hovudoppslaget på slike ord oppført som maskulinum, medan ein i Bokmålsordboka (Landrø, Marit Ingebjørg og Wangensteen, Boye 2005) har valt å oppføra dei som fleirgenusord. Etter det eg kan sjå, gjeld genusfordelinga etter syntaktisk bruk som ovanfor er illustrert for nynorsk, også for bokmål. Det vil såleis ikkje vera aktuelt å fjerna det eine genuset ifrå norma, og eg har difor ekskludert namn på språk ifrå utgangsmaterialet for bokmål. Derimot har eg lagt til nokre få ikkje-godkjende skrivevariantar og/eller eldre skriveformer, t.d. *minut* (normert: *minutt*) av di dei viste seg å vera ganske vanlege i dei undersøkte tekstane.

## 2.3 Kjelder

For å undersøkja om og korleis valfridomen i genussormeringa til desse fleirgenusorda er utnytta i tekstar skrivne på bokmål og nynorsk nytta eg såkalla tekstkorus. Eit tekstkorus er ei samling av tekstar som er lagd til rette for språkleg analyse. Det finst fleire tekstkorus for norsk skriftspråk, så også her måtte eg av tidsmessige årsaker gjera ei avgrensing. Eg har valt Leksikografisk bokmålskorpus (LBK) («Leksikografisk bokmålskorpus - Institutt for lingvistiske og nordiske studium» 2016; Lain Knudsen og Vatvedt Fjeld 2013) og Norsk Ordboks Nynorskcorpus (NON) («Norsk Ordboks Nynorskcorpus» 2016). Begge desse korpusa er utvikla på Universitetet i Oslo.


Leksikografisk bokmålskorpus inneholdt om lag 100 millionar ordførekommstar ifrå tekstar ifrå perioden 1985 til 2013. Tekstutvalet er balansert, dvs. at ulike sjangrar er representerte i korpuset: sakprosa (45 %), skjønnlitteratur (25 %), avisar og periodikum (20 %), TV-teksting (5 %) og upublisert materiale, småtrykk (5 %).

Nynorskcorpuset inneholdt om lag 102 millionar ord ifrå tekstar ifrå 1870-åra og fram til i dag. Også her er fleire sjangrar representerte: skjønnlitteratur, avistekstar og tidsskriftartiklar, læreboktekstar, religiøse tekstar og tekstar ifrå offentleg målbruk (heimesida til korpuset opplyser ikkje om prosentfordelinga mellom dei ulike sjangrane). Nynorskcorpuset dekkjer ein tidsperiode på nesten 150 år, medan Bokmålskorpuset berre har tekstar ifrå dei dei siste 30 åra. Men bortsett ifrå denne skilnaden i tidsspenn, så liknar dei to korpusa mykje på kvarandre, og det er også grunnen til at eg valde nettopp desse to.

## 2.4 Innsamling

Sjølve innsamlinga av materialet gjekk då ut på å søkja i desse to tekstkorusa etter moglege førekommstar av orda i utgangsmaterialet. Som nemnt tidlegare er det ikkje berre førekommstar av usamansette ord (t.d. *lås, låsen, låset osb.*) som er interessant i denne samanhengen, men også samansette former (t.d. *alkolås, alkolåsen, alkolåset osb.; borrelås, borrelåsen, borrelåset osb.*). Ein enkel måte å få fram alle moglege samansette former med eit gjeve ord som etterlekk på, er å søkja med hjelp av såkalla trunkering. I eit

trunkert sok spesifiserer ein berre ein del av ordet ein er ute etter, i tilfellet *lås* blir det då berre etterleken *lås*, medan det som eventuelt står framfor *lås*, vert ikkje spesifisert. Den delen markerer ein som regel med ei stjerne (\*). På den måten kan ein få opp samansette former som t.d. *promillelås* eller *skåtelås*, som ikkje finst i ordbøkene. I tillegg til grunnforma sokte eg også på dei ulike bøyingsformene til orda i utgangsmaterialet, både i usamansette og samansette førekommstar, t.d. \**lås*, \**låsen*, \**låset*, \**låsar*, \**låsane* og \**låsa*, i tillegg til tilsvarande possessivformer, t.d. \**lås'*, \**låsens*, \**låsets*, \**låsars*, \**låsanes* og \**låsas*. I soket inngjekk også bøyingsendinga *-arne*, som galdt tidlegare i bestemd form fleirtal av hankjønnsord. Ei detaljert utgreiing om kva for sokjestrenger og -innstillingar som vart nytta i korpusssøka, finst i vedlegg 3. Skjermbiletet i figur 1 viser eit utdrag ifrå ei resultatliste i Norsk Ordboks Nynorsk korpus.



Firda 2000	45 Lazio - Milan 1,80 2,80 3,00 Canal+blå	Sondag 19.11.2000 14:30 46 Haderslev -
NPK 2005	med 46 . ( NPK ) <i>Alkolås</i>	i Gaia-bussar ( NPK )
NPK 2006	dødsbrannar ned . ( NPK ) <i>Alkolås</i>	hos Vegvesenet ( NPK ) :
NPK 2006	i vår . ( NPK ) <i>Alkolås</i>	på svenske tog ( NPK )
NPK 2007	fryktar Rokke . ( ©NPK ) <i>Alkolås</i>	stoppar promilledomde ( NPK ) :
NPK 2010	sjolve passet . ( ©NPK ) <i>Alkolås</i>	aukar ikkje smitefaren ( NPK )
SoA 2008	er turen komen til Sogn . <i>Alkolås</i>	vil bli påbudt i alle nye
NPK 2008	alkolås i alle nye bilar . <i>Alkolås</i>	er kopla til tenninga av bilen
NPK 2008	80 år , seier han . <i>Alkolås</i>	For å hindra at folk kører
NPK 2007	stoppar promilledomde ( NPK ) : <i>Alkolås</i>	er eit effektivt tiltak for å
Flod.EF 1968, 282	, med jarnavstivingar og med eit <i>skåtelås</i>	( " luku " ) til
NoAllk IX, 333	. perkusjonsevær framladningsgevær med <i>slaglås</i>	, med ein hamar som slår

Figur 1: Sokjeresultat (utdrag) for ordførekomstar på \**lås* i Norsk Ordboks Nynorsk korpus

## 2.5 Handsaming

Resultatlistene ifrå korpusssøka kopierte eg så over i eit reknearkprogram for å handsama dei vidare. Det vil seia at eg gjekk gjennom sokjeresultata og sletta postar som ikkje var relevante, og på dei som var relevante, la eg inn kva genus ordet er nytta med. Som relevante postar klassifiserte eg belegg der genus kjem eintydig til uttrykk anten i form av genuskongruens og/eller i form av ei bøyingsform som kan seiast å gjeva uttrykk for eitt bestemt genus. Slike belegg kallar eg her for eintydige genusbelegg eller berre genusbelegg.

Eg skal her gjeva nokre døme på korleis eg har skilt ut eintydige genusbelegg. Belegget *eit skåtelås* i posten ... *med jarnavstivingar og med eit skåtelås* ... er lagt inn som nøytrum av di genuset her kjem eintydig fram i kvantoren *eit*. Derimot er belegget *slaglås* i posten ... *framladningsgevær med perkusjonseværslås eller slaglås* ... sletta av di genuset ikkje kjem til uttrykk her. Belegget *hengjelåsar* i posten ... *med seks og tretti hengjelåsar* ... er inkludert som maskulinum fordi fleirtalsendinga *-ar* indikerer maskulinum. Dersom ordet *lås* hadde vore nøytrum for denne språkbrukaren, så hadde vi forventa forma *lås* utan ending også i fleirtal. Derimot er belegget *kilo* i posten ... *ei slaktevekt på 61 kilo* ... sletta av di genuset ikkje kjem eintydig til uttrykk her. Både hankjønnsordet *kilo* og inkjekjønnsordet *kilo* er utan ending i ubestemt form fleirtal. Nokre belegg viser til to ulike genus samtidig. Eit døme på det har vi i posten ... *Hovudtingen i bodskapen mitt er å ha elevens beste ...* Bestemtheitsendinga *-en* indikerer her maskulinum, medan possessivforma *mitt* viser til nøytrum. Slike belegg er ikkje inkluderte i den vidare analysen.

Vidare er det ei rekke andre typar av belegg som ikkje er tekne med. Det er ord som finst i Norsk ordbank, men ikkje i handordbøkene (Bokmålsordboka eller Nynorskordboka), t.d. *spad*; belegg som har feil målform, t.d. *nebbet* i posten ... *Med solen ytterst i nebbet. Om lyrikeren Harald Sverdrup* ... ifrå Nynorskorpuset; eigennamn, t.d. *Blånebba* i posten ... *og som går langs eggen på Blånebba og Mjelvafjellet fram til Nesaksla* ...; irrelevante treff, t.d. *langnebbet* og *kortnebbet* i posten ... *og teller to arter : Langnebbet og kortnebbet maurpinnsvin* ... (adjektiv i staden for substantiv); opplagde skrivefeil, t.d. *fyket* i posten ... *mange oppmodingar frå folk over heile fyket om å stilla på lista* ...; metaspråklege kommentarar som eksplisitt handlar om genuset til sökjeordet, t.d. posten ... *er blitt til «den kanaliserete tidtrøyte». I mitt manus stod det* ...

Dublettar i resultatlistene er også luka ut. Her er det snakk om openberre dublettar, altså ikkje setningar som lett kan ha vorte skrivne av fleire skribentar. Det dreiar seg her truleg for det meste om tekst som er forfatta av nyhendebyrå, og/eller tekst som er publisert fleire gonger, og/eller belegg som feilaktig kjem opp fleire gonger på resultatlista i korpusssøket. Eit døme på det er posten ... *18 år , let sitt mørke alter ego , Hank , sleppe fram* ...

Kvar post i resultatlistene inneholder også ei tilvising til kjeldelistene for dei to korpusa der ein m.a. finn informasjon om kva år kjelda er utgjeven i. I kjeldelista for Bokmålsorpuset er det 54 kjelder med verdien 0000 i feltet for årstalet. Desse verdiane skapar problem for analysen, og dei er difor endra til 2000 i denne undersøkinga.

## 2.6 Materiale

Etter å ha søkt i dei to korpusa og handsama sökjeresultata som beskrive ovanfor, står eg att med to rekneark som inneholder postar med eintydige genusbelegg, eitt for bokmål og eitt for nynorsk. I tillegg inneholder dei to reknearka éin post for kvart ord ifrå utgangsmaterialet som eg ikkje fann nokon belegg på i det heile teke, eller som ikkje har eintydige genusbelegg. For bokmål er det i alt registrert 52 960 postar, og dette materialet kallar eg her for bokmålsmaterialet. For nynorsk er det i alt registrert 71 073 postar, og dette materialet kallar eg her for nynorskmaterialt. Både bokmålsmaterialet og nynorskmaterialt skal gjerast ope tilgjengeleg i TROLLing-arkivet («TROLLING - The Tromsø Repository of Language and Linguistics» 2016) når eg har fått publisert ein vitskapleg artikkel om dette arbeidet, men seinast 1. januar 2019 (Conzett 2017).

### 3 Hovudfunn

I dette kapittelet skal eg presentera nokre hovudfunn ifrå analysen av bokmålsmaterialet og nynorsk materialet. Det samla materialet er med over 120 000 belegg ganske stort, og det er her ikkje plass til å greia ut om alle aspekt ved materialet som det kunne ha vore interessant å sjå nærare på. Men i vedleggsdelen følgjer fleire oversyn over materialet, og dei illustrerer og supplerer diskusjonen i dette kapittelet på ein meir detaljert måte. Vedlegg 4 gjev eit oversyn over tal på eintydige genusbelegg for substantiva i utgangsmaterialet for bokmål i alfabetisk rekjkjefølgje. I vedlegg 5 får vi eit tilsvarande oversyn for nynorsk. I materialet finst det nokre få eintydige belegg på femininum, det har difor vore behov for ein kolonne for dette genuset òg.


Som eit praktisk grep i analysen har eg valt å dela materialet inn i tre hovudgrupper: Gruppe 1 består av substantiv som anten er heilt utan belegg, utan eintydige genusbelegg, eller som har færre enn 10 eintydige genusbelegg. I gruppe 2 har vi substantiv med 10 eller fleire genusbelegg, og som (nesten) alltid er nytta med berre det eine genuset, eller der det eine genuset dominerer, dvs. utgjer 75 % eller meir av genusbelegga. Substantiva i gruppe 3 har også 10 eller fleire genusbelegg, men desse substantiva har ei meir jamn genusfordeling, dvs. at genusbelegga utgjer mindre enn 75 % for begge genusa. Nedenfor skal vi sjå nærare på dei tre gruppene i tur og orden.

Mange av orda i materialet er rotord, t.d. *eksem* og *minutt*, men det er to ordtypar som skil seg ut. Det er avleiringar på *-skap*, t.d. *slekskap*, og kortavleidde verbalabstrakt, t.d. *treff*. Desse to ordtypane er omtala nærare heilt til slutt i kapittelet.

#### 3.1 Gruppe 1: Substantiv utan eller med få genusbelegg

##### 3.1.1 Bokmål


Gruppe 1 inneheld substantiv som er heilt utan belegg, eller som det ikkje finst eintydige genusbelegg på. Med 220 ord er dette den største gruppa i bokmålsmaterialet. Som vist i venstre kakediagrammet i figur 2, utgjer denne gruppa litt over halvta av alle dei 420 substantiva i utgangsmaterialet. Av dei 220 orda i gruppe 1 er 114 heilt utan belegg eller utan eintydige genusbelegg. Desse orda er lista opp i vedlegg 6. Her finn vi ord som *prokura*, *firblad* og *hynde*. Dei resterande 106 orda i gruppe 1 har genusbelegg, men færre enn 10. Dei er lista opp i vedlegg 7, sortert etter søkkande tal på genusbelegg. I denne undergruppa finn vi ord som berre er belagde som maskulinum, t.d. *kamfer*, som maskulinum og nøytrum, som t.d. *vatt*, og som berre nøytrum, t.d. *hark*. Tilhøvet mellom dei to undergruppene av gruppe 1 er illustrert i høgre kakediagrammet i figur 2.



Figur 2: Kvantitative tilhøve mellom gruppene i bokmålsmaterialet – gruppe 1

### 3.1.2 Nynorsk

Som det går fram av venstre kakediagrammet i figur 3, liknar fordelinga mellom dei tre gruppene i nynorskmaterialet mykje på fordelinga vi såg i bokmål ovanfor. Også i nynorsk utgjer gruppe 1 godt over helvta (241) av alle dei 442 undersøkte orda. Av dei 241 orda i gruppe 1 er 113 anten heilt utan belegg eller utan eintydige genusbelegg. Dei er lista opp i alfabetisk rekjkjefølgje i vedlegg 8. Blant desse orda finn vi t.d. *grudd*, *melde* og *lagje*. Resten, dvs. litt over helvta (128) av gruppe 1, består av ord som har færre enn 10 genusbelegg. Dei er lista opp i vedlegg 9, sortert etter økkande tal på genusbelegg. Her finn vi ord som *promemoria*, *nirvana* og *prokura*. Som i bokmål er det blant desse nokre som berre er belagde som maskulinum, t.d. *suss*, som maskulinum og nøytrum, som t.d. *opium*, og som berre nøytrum, t.d. *nøytron*. Høgre kakediagrammet i figur 3 illustrerer storleikstilhøvet mellom dei to undergruppene av gruppe 1 i nynorskmaterialet.




Figur 3: Kvantitative tilhøve mellom gruppene i nynorskmaterialet – gruppe 1

## 3.2 Gruppe 2: Substantiv med dominerande genus

### 3.2.1 Bokmål

Gruppe 2 og gruppe 3 er meir interessante, for det er her vi finn substantiv med fleire genusbelegg, dvs. 10 eller fleire belegg. I gruppe 2 har eg som nemnt samla dei orda der eitt av dei to genusa har klårt flest belegg i materialet, dvs. 75 % eller meir. I bokmål består gruppe 2 av 148 ord. Som illustrert i venstre kakediagrammet i figur 4, så utgjer det ein dryg tredjedel av alle dei 420 orda i utgangsmaterialet. I høgre kakediagrammet ser vi at i 59 av orda i gruppe 2 dominerer maskulinum, og dei står for 14 % av utgangsmaterialet. Nøytrum dominerer i 89 ord, noko som utgjer 21 % av utgangsmaterialet.



Figur 4: Kvantitative tilhøve mellom gruppene i bokmålsmaterialet – gruppe 2

#### 3.2.1.1 Dominerande maskulinum

Dei 59 orda med dominerande maskulinum er lista opp i vedlegg 10, sortert etter søkkande tal på genusbelegg. Nokre av desse orda viser ein svært utprega genusdominans. I følgjande ord utgjer maskulinum 90 % eller meir av genusbelegga:

*beredskap, bruk, canvas* (jf. også *kanvas* og *kanevas*), *CV, cv, dass, data, do, drøss, dukk, faksimile, fløyel, fyk, fysiognomi, gelatin, glid, glipp, grus, grut, hang, kali, kikk, knekk, kok* (III), *lyng, lås, marmor, miks, mugg* (III), *mugg* (IV), *møll, nomenklatur, piff, rapp, rus, servitutt, sprøyt, stim, tang, terpentin, transparent, trass, valium, vinyl, voks*

Fleire av orda i den maskulinumsdominerte delen av gruppe 2 hører til dei to ordtypane som er omtala til slutt i dette kapittelet. Dei skal eg ikkje gå nærmare inn på her. Derimot bør ein vera merksam på at dei to genusa i visse ord ser ut til å ha differensierande funksjon, dvs. at vi ikkje har med genusvariasjon å gjera, men at det er meir snakk om at dei to genusa er knytte til kvart sitt bruksområde eller til kvar si tyding. Etter det eg kan sjå, kan det vera tilfellet for orda *bruk, prat* og *kjede*.

Når det gjeld ordet *bruk*, så ser det t.d. ut til at nøytrum er det føretrekte genuset når substantivet står saman med eit possessiv som utfylling til preposisjonen *til*. Eller med andre ord at konstruksjonar som *til mitt/ditt/sitt (eget) bruk* er meir frekvente enn *til min/din/sin (egen) bruk*. Den sistnemnde, dvs. den maskuline varianten, er belagd 3 gonger i bokmålsmaterialet, medan nøytrumsvarianten er belagd 44 gonger. Derimot er maskulinum meir vanleg når *bruk* er nytta i bestemd form. 71 % av alle han-kjønnsbelegga på *bruk* står i bestemd form, altså *bruken*, medan det berre gjeld 23 % av inkjekjønnsbelegga.

Når det gjeld ordet *prat*, så er inntrykket mitt, utan å ha undersøkt det i detalj, at genusfordelinga i stor grad er basert på det tydingsskiljet som Bokmålsordboka opererer med, på det viset at maskulinum er nytta når det er snakk om ein samtale (t.d. ... *slå av en prat* ...), medan nøytrumsordet er nytta i tydinga ‘laust snakk’ (t.d. ... *glem alt tullpratet om* ...). Dette er også slik normeringa er i Nynorskordboka, der dei to tydingane er oppførte som to separate oppslagsord med kvart sitt genus.

Når det gjeld ordet *kjede*, er nøytrum det føretrekte genuset når det dreiar seg om eit halssmykke. Ordet *halskjede* har 108 genusbelegg i materialet, og 105 av dei er nøytrum, og berre 3 er maskulinum. Også når ordet *hals* ikkje er fyrstelekken, så dominerer nøytrum i tydinga ‘halssmykke’. Søkjer ein i materialet etter eintydige genusbelegg for grunnordet *kjede* der ordet *hals* i ei eller anna form er blant dei første fem orda som kjem etter grunnordet, så får ein opp 81 belegg. Av desse er 75 nøytrum (t.d. ... *hadde et kjede rundt halsen* ...), medan berre 6 er maskulinum (... *en smal kjede rundt halsen* ...).

### 3.2.1.2 Dominerande nøytrum

I 89 ord er det nøytrum som er det dominerande genuset. Dei er lista opp i vedlegg 11, sortert etter økande tal på genusbelegg. Fleire av orda har ein svært utprega genusdominans. I følgjande ord står nøytrum for 90 % eller meir av genusbelegga:

*adelskap, aspekt, blunk, bor, broderskap, comeback, crescendo, dirr, dunk, ekorn, fjøs, flir, gen, gissel, glefs, glimt, glis, gufs, gulp, hikst, hiv, host, hulk, ikon, kakk, kaliber, kandidatur, klask, klaviatur, klick, klimaks, klirr, klynk, knepp, knirk, knis, knyst, kok (II), kolesterol, komp, kompass, korpus, kreml, kryp, kyss, litografi, nebb, nikk, nipp, nurk, nys, pip, potpurri, puff, raut, rykk, skubb, slektskap, smell, smil, snakk, snufts, sprik, stakitt, stress, sukk, surr, svupp, trofe, trofé, utsving*


Ein stor del av desse orda er kortavleidde verbalabstrakt. Denne ordtypen er også elles godt representert blant orda med nøytral genusdominans. Vi kjem tilbake til ordtypen i slutten av kapittelet, saman med orda på *-skap*.

### 3.2.1.3 Omsving i genusfordeling

Sjølv om det eine genuset er meir eller mindre dominerande i orda i gruppe 2, så kan ein ikkje sjå bort ifrå at denne genusdominansen har ei historisk årsak, dvs. at det eine genuset var dominerande eller jamvel einerådande i ein tidlegare tidsperiode, men at det andre genuset har teke over denne posisjonen i nyare tid. Bokmålskorpuset spenner berre over ein tidsperiode på om lag 30 år, og det er lite sannsynleg at eit slikt omsving i genusfordeling skal ha skjedd hos orda i gruppe 2. For å vera på den sikre sida har eg likevel undersøkt korleis genusfordelinga i denne gruppa har utvikla seg over tid. Eg har avgrensa meg til ord der genusdominansen er mindre enn 90 %. Som venta viser ingen av dei undersøkte orda eit omsving i genusfordeling mot slutten av tidsperioden. Dei samanlagde tala som er presenterte for orda med genusdominans, kan dimed seiast å vera representative også for den nyaste tidsbolken.

## 3.2.2 Nynorsk

Gruppe 2 i nynorskmaterialt består av 133 ord. Det er altså substantiv som har fleire enn 10 genusbelegg, og der det eine genuset dominerer med 75 % eller meir av belegga. Som vist i venstre kakediagrammet i figur 5, så utgjer gruppe 2 30 % av heile utgangsmaterialet for nynorsk. Av dei 133 orda er 78 dominerte av maskulinum, og det utgjer 18 % av utgangsmaterialet. Nøytrum dominerer i 55 ord eller 12 % av utgangsmaterialet. Forholdet mellom desse to undergruppene er illustrert i høgre kakediagrammet i figuren.



Figur 5: Kvantitative tilhøve mellom gruppene i nynorskmaterialt – gruppe 2

### 3.2.2.1 Dominerande maskulinum

Vedlegg 12 gjev eit oversyn over dei 78 orda med maskulin genusdominans, sortert etter søkkande tal på genusbelegg. I likskap med stoda i bokmålsmaterialet er genusdominansen i nokre av desse orda svært utprega. I følgjande ord utgjer maskulinum 90 % eller meir av genusbelegga:

*ans, bak, bodskap, bruk, børnskap, CV (jf. også cv), dass, dyffel, endskap, faksimile, fenol, fiendskap, filt, fløyel, frendskap, fres, fritenkjarskap, fyk, førarskap, gelatin, glid, grut, kik, kikk, knubb, krangel, krystall, kvekk, lås, miks, morfin, nikotin, rapp (V), rus, sedskap, servitutt, skaldskap, skratt, snus, statutt, tekstil, tjodskap, transparent, vald, vask, villskap, vipp*

Igjen er det ord på *-skap* som skil seg ut som ei talrik gruppe blant dei maskulinumsdominerte orda. For ordet *bruk* gjeld det same etterhaldet som eg gjorde merksam på i omtalen av den tilsvarande gruppa i bokmålsmaterialet i avsnitt 3.2.1.1 ovanfor.

### 3.2.2.2 Dominerande nøytrum


Nøytrum er med 55 ord noko mindre vanleg som dominerande genus i gruppe 2 av nynorskmaterialt. Orda er oppførte i vedlegg 13, sortert etter søkkande tal på genusbelegg. Fleire av orda har ein svært utprega genusdominans. I følgjande ord står nøytrum for 90 % eller meir av genusbelegga:

*alter ego, aspekt, borgarskap, comeback, crescendo, ess, fosfor, fyr, hulk, kandidatur, klaviatur, klimaks, kolesterol, kompass, køyrr, moderskap, nikk, raster, slepp, stress, substitutt, svangerskap, treff, triangel, trofe (jf. også trofé)*

At ordet *aspekt* er med i denne gruppa kjem kanskje litt overraskande. Ut ifrå døma som er oppførte i Nynorskordboka, skulle ein kanskje tru at maskulinum her var det føretrekte genuset, for ordboka nyttar berre maskuline bøyingsformer i døma, jf. *aspektar* og *aspektane*.

Ein ordtype vi ikkje har diskutert enno, er relativt nye lånord, som regel ifrå engelsk. Det er ikkje uvanleg av nye lånord har vaklante genus i starten. Blant dei nøytrumsdominerte orda i nynorskmaterialt finn vi fleire slike ord, t.d. *comeback*, *image* og *stress*. I orda *comeback* og *stress* ser genuset ut til å ha stabilisert seg i favor av nøytrum. Ordet *image* har ei noko jamnare genusfordeling, men også

her dominerer nøytrum. I figur 6 ser vi korleis tilhøvet mellom maskulinum og nøytrum har utvikla seg over tid ved dette ordet. I denne og i dei følgjande figurane som viser genusfordeling over tid, gjeld følgjande: X-aksen viser årstal, medan y-aksen viser tal på genusbelegg. Maskuline genusbelegg er illustrerte med blå søyler, og nøytrale genusbelegg er illustrerte med oransje søyler. Eventuelle feminine belegg er ikkje inkluderte i figuren. Kvart år med maskuline og/eller nøytrale genusbelegg er vist med ei søyle eller eit søylepary, dersom det er belegg for begge genusa. Merk at x-aksen viser berre år med genusbelegg og ikkje nødvendigvis alle åra i tidsperioden som korpuset spenner over. I mange tilfelle vil det difor vera uregelbundne årsintervall på x-aksen. Dette oppsettet er valt for å gjera søylene betre synlege. Dersom ein hadde inkludert alle åra, hadde søylene i nokre av figurane vorte svært spinkle.



Figur 6: Genusfordeling over tid ved ordet *image*

### 3.2.2.3 Omsving i genusfordeling

Nynorskkorpuset spenner over ein tidsperiode på over 150 år. Det inneber at det er større sjansar for at ein genussdominans i det samla materialet kan skriva seg attende til ein tidlegare periode og at styrke-tilhøvet mellom genusa i nyare tid er merkbart endra. For å supplera dei samanlagde tala som er presenterte ovanfor, har eg undersøkt korleis genusfordelinga har utvikla seg over tid ved dei orda i gruppe 2 der genussdominansen er mindre enn 90 % av belegga. Om vi ser bort ifrå ord på *-skap* og kortavleidde verbalsubstantiv, er det berre eit par ord der vi i nokon mon kan snakka om eit omsving i genusfordeling i nyare tid. Det er orda *kvelv* og *pank*. Figurane i vedlegg 14 viser korleis genusfordelinga ved desse orda har utvikla seg over tid.

Ordet *kvelv* har samanlagt ein maskulin genussdominans. Men som figuren viser, har nøytrum styrkt sin posisjon frå slutten av 1990-talet. Ordet *kvelv* finst også i bokmål, men er lite nytta der. Derimot har ordet ei jamstilt alternativ form i bokmål, og det er *hvelv*. Denne forma har nøytrum som eingenus, og det kan ha påverka oppsvinget av nøytrum ved ordet *kvelv* i nynorsk.

Ordet *pank* er det berre få genusbelegg på i materialet, og dei fleste er maskulinum. Men også ved dette ordet kan vi observera eit oppsving i nyare tid. Dei siste to åra ordet er belagt i materialet, er på 1980-talet, og då berre som nøytrum.

Her skal eg også nemna ordet *negativ*. Ordet er i materialet belagt med nøytral genusdominans. Men som det går fram av figuren over utviklinga av genusfordelinga over tid i vedlegg 14, så har ordet hatt ei nokså jamn genusfordeling, bortsett ifrå i 2009, der nøytrum av ein eller annan grunn skeiar ut med langt fleire belegg enn det som elles er registrert.

### 3.3 Gruppe 3: Substantiv med jamnare genusfordeling

Ord i gruppe 3 har ei meir jamn genusfordeling, dvs. at både maskulinum og nøytrum står for mindre enn 75 % av alle eintydige genusbelegga til eit ord. Denne gruppa er minst både i bokmålsmaterialet og i nynorskmaterialet. I bokmålsmaterialet består ho av 52 ord, og det utgjer 13 % av utgangsmaterialet. I nynorsk er det 68 ord i gruppe 3, og det utgjer 15 % av utgangsmaterialet. Ovanfor såg vi at genusfordelinga i ord med genusdominans kan ha endra seg over tid. Vi må rekna med at slike omsving i genusfordeling òg kan ha skjedd ved ord som har ei meir jamn genusfordeling når ein ser på heile tidsperioden under eitt. Eg har difor undersøkt korleis genusfordelinga har utvikla seg over tid ved orda i gruppe 3.

Om vi held ord på *-skap* og kortavleidde verbalabstrakt utanfor, så har dei aller fleste av desse orda i gruppe 3 meir eller mindre jamn genusfordeling i heile tidsperioden. I bokmålsmaterialet gjeld det alle orda i gruppe 3. I nynorskmaterialet er det fleire ord i gruppe 3 der det eine genuset har hatt (tilhug til) eit oppsving til ein meir dominerande posisjon nyare tid. Det er følgjande ord: *bordell, formular, kompliment, magma, marmor, narr, nebb* og *stand*. Utviklinga av genusfordelinga over tid i desse orda er framstilt i genusprofilane i vedlegg 15.

Eit oppsving av nøytrum kan vi observera i orda *bordell, formular, kompliment, nebb*, medan maskulinum har styrkt sin posisjon i orda *magma, marmor, narr* og *stand*. Nokre av orda har berre få belegg. Det gjeld særleg *bordell* og *magma*. Felles for dei sju substantiva er at dei er lånord, men eg har ikkje funne ut om dei alltid har vore normerte med fleirgenus. Når det gjeld den nyare normeringshistorikken, har eg funne opplysningar om *kompliment* og *marmor* («Rettskrivningsreformer» 2016). Genusnormeringa av ordet *kompliment* vart utvida med nøytrum i 2015 både i bokmål og nynorsk. I bokmål vart maskulinum teke inn i norma for *marmor* i 1985. Når og om det same skjedde for nynorsk, veit eg ikkje. I alle fall går det fram av genusprofilane at *marmor* frå og med 1980-talet berre har maskuline belegg i nynorskmaterialet, og at fleirtalet av genusbelegga for *kompliment* er nøytrum etter 2006.

### 3.4 Særskilde ordtyper


Det er to ordtyper som skil seg ut i bokmålsmaterialet så vel som i nynorskmaterialet. Den første ordtypen er suffiksavleiringar på *-skap* (t.d. *forfattarskap*), og den andre er kortavleidde verbalabstrakt (t.d. *prat*). Begge ordtypane er representerte i alle dei tre gruppene eg har greidd ut om ovanfor (sjå avsnitt 3.1 til 3.3), og dei skal her omtala samla.

#### 3.4.1 Avleilingar på *-skap*

Genusforholda ved substantiv på *-skap* er litt innfløkte, og vi skal difor sjå litt nærmare på genushistorikken deira, illustrert med dei fire orda *klokskap, ven(n)skap, bodskap/budskap* og *landskap*. Utviklinga er skissert i figur 7. Utgreiinga er basert på eit tidlegare arbeid (Conzett 2004). Lat oss starta med det enkle. I gamalnorsk var alle ord på *-skap* maskulinum, og berre maskulinum, t.d. *klókskapr* ('klokskap'), *vinskapr* ('venskap') og *boðskapr* ('bodskap'). Og slik er det framleis med *skap*-ord av typen *klokskap*, dvs. dei som er avleidde av adjektiv, i dømet *klokskap* av adjektivet *klok* (jf. den øvste vassrette bolken i figuren). Slike adjektivabstrakt er altså maskulinum både i bokmål og nynorsk den dagen i dag. Andre døme er *latskap* og *råskap*. For bokmål sin del kan vi også leggja til *villskap*. Men i nynorsk har dette ordet av ein eller annan grunn vorte normert som fleirgenusord. Det føreliggjande materialet gjev ikkje

empirisk støtte for ei slik normering. Som vi skal sjå nedanfor, så er maskulinum einerådande i dette ordet.

I andre enden har vi typen *landskap*, dvs. ord på *-skap* som berre er nøytrum både i bokmål og nynorsk, og som truleg alltid har vore nøytrum. Denne typen fanst som sagt ikkje i gamalnorsk, men har truleg sitt opphav i innlånte ord ifrå lågtysk, til dels formidla via dansk eller svensk (jf. den nedste vassrette bolken i figuren).



Figur 7: Genushistorikk til ord på *-skap* i norsk

Men så har vi det litt meir innfløkte mellomsjiktet som ligg imellom desse to typene, og det er ord som *ve(n)nskap* og *bodskap/budskap* (jf. den tredje vassrette bolken i figuren). Vi skal først sjå på sistnemnde. Forma *budskap* med /u/ i bokmål er truleg lånt inn ifrå dansk eller svensk, og der er ordet belagt som nøytrum allereie på 1300-talet. Og så vidt eg veit, har *budskap* alltid vore normert som nøytrum i bokmål, i alle fall var det nøytrum i 2005, altså året før den siste rettskrivingsreforma i bokmål. I nynorsk blei ikkje nøytrum teke inn i norma før i 2012.

Det var kort om genushistorikken til ord på *-skap* i norsk. Korleis er så stoda for desseorda i materialet for denne undersøkinga? Vi tek først føre oss bokmålsmaterialet og så nynorskmaterialet.

### 3.4.1.1 Bokmål

I utgangsmaterialet for bokmål finst det i alt 22 ord på *-skap*. Genusfordelinga ved desse orda i materialet er framstilt i vedlegg 16, sortert etter søkkande tal på genusbelegg. Av dei 22 orda høyrer 11 ord til gruppe 1, dvs. at dei har færre enn 10 eller ingen genusbelegg. Det er følgjande ord: *fandenskap*, *frendskap*, *granneskap*, *hjonskap*, *narreskap*, *sjømannskap*, *skyldskap*, *stygeskap*, *trollskap*, *tulleskap*, *tusseskap*. I 6 ord dominerer det eine genuset. Maskulin genusdominans har vi i ordet *beredskap*. Sjølv om ordet truleg er lånt inn som heilskap og tilhøvet mellom grunnordet (*beredt*) og avleiainga er noko tilslørt, så liknar det mykje på dei maskuline adjektivabstrakta av typen *råskap*. Nøytrum er det føretrekte genuset ved orda *adelskap*, *broderskap*, *fiendskap*, *redskap* og *slektsskap*. Dei resterande 5 orda høyrer til gruppe 3, dvs. at dei har ei meir jamn genusfordeling i materialet: *djevelskap*, *faenskap*, *hedenskap*, *jævelskap*, *kjennskap*. Ingen av *skap*-orda i bokmålsmaterialet viser eit omsving i genusfordeling av den typen som er beskriven tidlegare.

### 3.4.1.2 Nynorsk

Vedlegg 17 gjev eit oversyn over alle orda på *-skap* i nynorskmaterialet, sortert etter søkkande tal på genusbelegg. Det er i alt 78 ord, og dei utgjer så mykje som 18 % av utgangsmaterialet. Dei følgjande 42 orda høyrer til gruppe 1, dvs. at dei har ingen eller færre enn 10 genusbelegg:

*amatørskap, bøvelskap, fadderskap, fandenskap, farisearskap, farkeskap, felagskap, fille-skap, fordingskap, fostbrorskap, frimurarskap, fritenkarskap, fylgjeskap, følgeskap, følgjeskap, galningskap, gledskap, grenskap, handelsborgarskap, heimfodingskap, hjonskap, hovdingskap, husbondskap, hyklarskap, høvdingskap, morskap, mågskap, operatørskap, ordførarskap, prakkarskap, sjømannskap, spissborgarskap, statsborgarskap, syskenskap, sisterskap, søskenskap, søsterskap, traveskap, tusseskap, uvettingskap, uvitingskap, våeskap*

I gruppe 2 finn vi 24 ord på *-skap*. Brorparten av dei føretrekker maskulinum. Det er desse 20 orda:

*bodskap, børnskap, djevelskap, endskap, faenskap, fanteskap, fiendskap, forfattarskap, for-myndarskap, frendskap, fritenkjarskap, førarskap, leiarskap, meisterskap, sedskap, skald-skap, tjodskap, trollskap, venskap, villskap*

Nøytrum dominerer i desse fire orda: *borgarskap, moderskap, naboskap, svangerskap*. Dei resterande 12 orda høyrer til gruppe 3 og har ei meir jamn genusfordeling: *adelskap, brorskap, eigarskap, entre-prenørskap, farskap, fellesskap, granneskap, kameratskap, medlemskap, partnarskap, slektskap, venn-skap*.

Nokre få *skap*-ord i nynorskmaterialet har opplevd eit omsving i genusfordeling i siste delen av tidsperioden som belegga stammar ifrå. Det er tilfellet for orda *adelskap, brorskap, farskap* og *venskap*. Figurane i vedlegg 18 illustrerer korleis genusfordelinga ved desse orda har utvikla seg over tid. Ordet *venskap* høyrer til gruppe 2 og har samla sett maskulinum som dominerande genus. Men frå slutten av 1990-talet har talet på nøytrale genusbelegg gått monaleg opp, og i ein skilde år er det jamvel fleire nøytrale enn maskuline belegg. (Den jamstilte forma *vennskap* har alt frå dei fyrste genusbelegga på slutten av 1950 hatt ei meir jamn genusfordeling.) Med ei meir jamn genusfordeling høyrer ordet *adelskap* til gruppe 2. Ordet har berre få genusbelegg, men frå og med 1990 er dei alle nøytrum. Også ordet *brorskap* har samla sett ei jamn genusfordeling, men her har nøytrum svinga seg opp til å verta det dominerande genuset etter år 2000. Sjølv om det berre er registrert få genusbelegg for ordet *farskap*, så kan vi observera eit liknande oppsving av nøytrum frå midten av 2000-talet.

### 3.4.2 Kortavleidde verbalabstrakt

Nøytrum har allereie i gamalnorsk eit lite overtak over maskulinum og femininum, og i dag er nøytrum utan tvil det føretrekte genuset for kortavleidde verbalabstrakt, det vere seg slike som uttrykkjer uavgrensa handlingar, som *fusk* og *pugg*, eller avgrensa handlingar som *skann* og *krasj*. Jamfører vi dei to gruppene, er maskulinum vanlegare hjå dei uavgrensa verbalabstrakta, t.d. *kos*, *trim*, enn hjå dei avgrensa, t.d. *titt*, *dult*. Generelt har nøytrum bygd ut sin posisjon i begge gruppene. Det syner seg m.a. i genusovergangar i gamle avleiringar. Ord som *kvin*, *smil* og *ymt* er tidlegare berre belagde som maskulinum; jf. gamalnorsk *hvinr* og *ymtr* og *smil* i Aasens Norsk Ordbog ifrå 1873 (Aasen 2003). I dag er desse orda nøytrum i mange målføre (Conzett 2016a, 308).

Når det gjeld skriftspråksnormeringa i dag, så er nøytrum ved kortavleidde verbalabstraakt meir vanleg i bokmål enn i nynorsk. Stoda kan samanfattast slik: Nokre av orda er normerte som berre maskulinum både i bokmål og nynorsk, t.d. *velt*. Nokre er nøytrum i bokmål, t.d. *kjør* og *dykk*, medan dei er

maskulinum eller nøytrum i nynorsk (*køyr*), eller berre maskulinum (*dykk*). Så har vi ord som er normerte med fleirgenus i bokmål, men som maskulinum i nynorsk, t.d. *skrell*, ord som er normerte med fleirgenus i bokmål, men som berre nøytrum i nynorsk, t.d. *snakk*, og ord med normert fleirgenus både i bokmål og nynorsk, t.d. *smil*. Og til slutt er det ord som berre er nøytrum i begge målformene, t.d. *kast*. Nedanfor er det greidd ut om korleis genusoefelinga er i kortavleidde verbalsubstantiv i bokmålsmaterialet og i nynorskmaterialalet. Ver merksam på at det ved enkelte av orda som her er klassifiserte som verbalabstrakt, kan vera tvil om ordet ifrå ein synkron synstasjon skal analyserast som avleiring, eller om det heller bør sjåast på som grunnord for det tilhøyrande verbet. Det gjeld t.d. ordet *trass*. Historisk sett er ordet lånt inn ifrå lågtysk, og verbet *trassa* er truleg seinare avleidd av dette substantivet.

### 3.4.2.1 Bokmål

I utgangsmaterialet for bokmål finst det i alt 145 kortavleidde verbalsubstantiv, og dei står for drygt ein tredjedel av utgangsmaterialet. Genusfordelinga ved desse orda i bokmålsmaterialet er framstilt i vedlegg 19, sortert etter søkkande tal på genusbelegg. Av dei 145 orda høyrer 64 ord til gruppe 1, dvs. at dei har færre enn 10 eller ingen genusbelegg. Dei er lista opp i den nedre delen av tabellen. I 66 ord dominerer det eine genuset. Maskulin genusdominans har vi i desse 19 orda: *bruk, dukk, fyk, geip, glid, glipp, kikk, knekk, kok (III), miks, piff, prat, rapp, rus, sprøyt, strekk, støp, trass, vipp*. For dei to orda *bruk* og *prat* gjeld merknaden om mogleg genussdifferensiering i avsnitt 3.2.1.1. Nøytrum er det føretrekte genuset ved desse 47 orda:

*blunk, dirr, driv, dunk, flir, glefs, glimt, glis, gufs, gulp, hikst, hiv, host, hulk, kakk, klask, klick, klirr, klynk, knepp, knirk, knis, knyst, kok (II), komp, krasj, kremt, kyss, nikk, nys, pip, puff, raut, rykk, skubb, smell, smil, snakk, snufs, sprett, sprik, stress, sukk, surr, sus, svupp, utsving*

Dei resterande 15 orda høyrer til gruppe 3, dvs. at dei har ei meir jamn genusfordeling i materialet: *dask, fres, gjesp, gløtt, jafs, klapp, klaps, puss, rap, skimt, skratt, slyng, smekk, stopp, suss*.

Ingen av dei kortavleidde verbalabstrakta i bokmålsmaterialet viser noko omsving i genusfordeling i den nyaste tida.

### 3.4.2.2 Nynorsk

Vedlegg 20 gjev eit oversyn over dei kortavleidde verbalabstrakta i nynorskmaterialalet, sortert etter søkkande tal på genusbelegg. Det er i alt 127 ord, og dei utgjer nesten 30 % av utgangsmaterialet. Dei følgjande 47 orda høyrer til gruppe 1, dvs. at dei har ingen eller færre enn 10 genusbelegg:

*baul, belj, dus, dust, flash, flytt, fløyt, galder, gant, gisl, gnell, grål, hark, hikk, husk, klink, knakk, knis, nest, nykk, nys, pes, pikk, pryl, purr, rall, raus, riks, rikt, rist, sangl, skoft, skøy, smart, snork, snurp, suss, svupp, tidarkort, tidkort, trykk, tur, tusk, tvik, utkikk, utputt*

I gruppe 2 finn vi 52 kortavleidde verbalabstrakt. Maskulinum og nøytrum dominerer i like mange ord. Maskulinum er det føretrekte genuset i desse 26 orda:

*ans, bruk, flir, fres, fyk, glepp, glid, hugs, kik, kikk, knubb, krang, kvekk, miks, rammel, rapp (V), rus, skjemt, skratt, sladder, snus, sprøyt, stogg, trass, vask, vipp*

Når det gjeld ordet *bruk*, viser eg igjen til etterhaldet om mogleg genussdifferensiering i avsnitt 3.2.1.1. Nøytrum dominerer i desse 26 orda:

*bask, bukk, dunk, flin, glimt, glis, gulp, hulk, klask, knepp, knirk, komp, køyr, mukk, nikk, nipp, rapp (IV), skil, skjelv, skvalp, slepp, sprik, stress, treff, ul, yl*

Dei resterande 28 orda høyrer til gruppe 3 og har ei meir jamn genusfordeling:

*bank, design, dunder, glefs, glim, gløtt, gny, Grunnform, gufs, innputt, jafs, knyst, krasj, kreml, kyss, puff, pust, rap, rykk, skubb, slyng, smell, smil, sprett, stopp, strekk, sukk, sus, ymt*

I fleire av dei kortavleidde verbalabstrakta i nynorskmaterialet kan vi observera eit omsving i genusfordeling i siste delen av tidsperioden som belegga stammar ifrå. Det er tilfellet for desse orda: *bukk, flin, flir, glid, glis, gny, gufs, knyst, kreml, kyss, puff, pust, rammel, rap, rykk, smil, stogg, sukk, sus, trass, ul, ymt*. Genusprofilane i vedlegg 21 syner korleis genusfordelinga ved desse orda har utvikla seg over tid. Dei 22 orda representerer grovt sett fire ulike typar omsving i genusfordeling. Fyrst har vi meir eller mindre klåre døme på at det eine genuset går ifrå å vera det dominerte til å verta det dominerande genuset i nyare tid. I dei fleste tilfella skjer omsvinget i favør av nøytrum. Det gjeld orda *glis, knyst, kyss, rammel, rykk* og *ynt*. I ordet *rap* er det maskulinum som vert det nye føretrekte genuset. Så har vi ei gruppe på fem ord der nøytrum svingar seg opp til det dominerande genuset, men der ein framleis finn ein del belegg på maskulinum også i nyare tid. Det gjeld orda *flir, puff, pust, smil* og *sukk*. Omsvinget i dei tre orda *gufs, stogg* og *sus* går ut på at fordelinga mellom maskulinum og nøytrum i nyare tid har vorte meir jamn jamført med den tidlegare maskuline genusdominansen. Den siste typen endring i genusfordeling fortener kanskje ikkje namnet omsving, men han er teken med her av di det ved desse orda berre er det eine genuset som er belagt i nyare tid. Orda *glid* og *trass* har berre maskuline belegg i nyare tid, og orda *bukk, flin, gny, kreml* og *ul* har berre nøytrale belegg i nyare tid. Ver merksam på at fleire av orda med omsving i genusfordeling er registrerte med ganske få genusbelegg. Det gjeld orda *bukk, flin, glid, knyst, kreml, puff, rammel, rap* og *ul*.

## 4 Tilrådingar

Basert på hovudfunna i denne undersøkinga skal eg i dette kapittelet skissera nokre tilrådingar for det vidare genusoformingsarbeidet til Språkrådet. Fyrst skal eg gjera merksam på nokre generelle omsyn og etterhald ein bør taka når ein nyttar denne rapporten som grunnlag for genusoformingsarbeid, og så skal eg gjeva konkrete råd om endringar i genusoformeringa. Til slutt kjem nokre framlegg om det vidare arbeidet med å skaffa fram empirisk grunnlag for genusoformering i norsk skriftspråk.

### 4.1 Generelle råd

I analysen av det føreliggjande materialet har eg operert med ei gruppe ord som er utan eller med færre enn 10 eintydige genusobelegg. Det er etter mitt syn ikkje forsvarleg å nyttar resultata ifrå denne undersøkinga for ord med færre enn 10 genusobelegg. Men kanskje er jamvel denne grensa på 10 genusobelegg sett for lågt, og ein bør vurdera å vera meir restriktiv i høve til kva delar av rapporten ein vil nyttar som grunnlag for normeringsarbeid.

Eit anna omsyn ein bør taka, er kor gamal den eksisterande fleirgenusoformeringa er. Dersom det eine genuset nyleg er vorte inkludert i norma, så bør ein vera varsam med å fjerna det att, med mindre talgrunnlaget i denne rapporten heilt klårt peikar mot ei slik avgjerd. Det tek gjerne litt tid før ein ny valfridom får etablert seg. Unntak ifrå dette etterhaldet er tilfelle der innføringa av det nye genuset ikkje kan seiast å ha vore forankra i faktisk bruk (jf. nøytrum ved ordet *villskap* i nynorsk).

For det tredje bør ein ikkje stramma inn på genusoformeringa i tilfelle der genus har differensierande funksjon. Så vidt eg kan sjå, gjeld det orda *bruk*, *kjede* og *prat* i bokmål, og ordet *bruk* i nynorsk i det føreliggjande materialet.

Med desse generelle etterhalda tilrår eg å fjerna det eine genuset ifrå norma dersom det andre genuset er klårt dominerande i materialet, også i nyare tid. Det er eit skjønsspørsmål kvar ein set grensa for kva som er dominerande. I analysen sette eg grensa ved 75 % av genusobelegga, men for å vera på den sikre sida skal eg nedanfor nyttar 90 % som terskel for når ein bør vurdera å fjerna det eine genuset ifrå normeringsa til eit ord. Ord som har hatt eit omsving i genusofordeling over tid, er ikkje inkluderte i tilrådingane nedanfor med mindre omsvinget har gjeve så tydeleg utslag i den samla genusofordelinga at det eine genuset dominerer med minst 90 % av belegga. I dei andre tilfellene bør ein konsultera genusprofilane i vedlegga som grunnlag for normeringsavgjerder.

### 4.2 Innstramming av genusoformeringa

Basert på talmaterialet som er presentert i denne rapporten, skal eg nedanfor gjeva konkrete råd om innstramming i genusoformeringa i norsk skriftspråk. Framlegga må i kvart einskilt tilfelle vurderast opp mot dei generelle råda og kriteria som er greidde ut om i førra avsnittet. Det kan vera aktuelt å stramma inn på genusoformeringa til andre ord enn dei som er nemnde nedanfor. I så fall bør ein taka til hjelp talgrunnlaget som er presentert og kommentert i analysekapittelet og i vedlegga til denne rapporten.

#### 4.2.1 Fjerning av maskulinum ifrå norma

Ein bør vurdera å fjerna maskulinum ifrå genusoformeringa til følgjande ord i bokmål:

*adelskap, aspekt, blunk, bor, broderskap, comeback, crescendo, dirr, dunk, ekorn, fjøs, flir, gen, gissel, glefs, glimt, glis, gufs, gulp, hikst, hiv, host, hulk, ikon, kakk, kaliber, kandidatur, klask, klaviatur, klikk, klimaks, klirr, klynk, knøpp, knirk, knis, knyst, kok (II), kolesterol, komp, kompass, korpus, kreml, kryp, kyss, litografi, nebb, nik, nipp, nurk, nys, pip, potpurri, puff, raut, rykk, skubb, slektskap, smell, smil, snakk, snufts, sprik, stakitt, stress, sukk, surr, svupp, trofe, trofé, utsving*

Ein bør vurdera å fjerna maskulinum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i nynorsk:

*alter ego, aspekt, borgarskap, comeback, crescendo, ess, fosfor, fyr, hulk, kandidatur, kavia, klimaks, kolesterol, kompass, køy, moderskap, nikk, raster, slepp, stress, substitutt, svangerskap, treff, triangel*

#### 4.2.2 Fjerning av nøytrum ifrå norma

Ein bør vurdera å fjerna nøytrum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i bokmål:

*beredskap, bruk, canvas (jf. dei normert formene *kanvas* og *kanevas*), CV, cv, dass, data, do, drøss, dukk, faksimile, fløyel, fyk, fysiognomi, gelatin, glid, glipp, grus, grut, hang, kali, kikk, knekk, kok (III), lyng, lås, marmor, miks, mugg (III), mugg (IV), moll, nomenklatur, piff, rapp, rus, servitutt, sprøyt, stim, tang, terpentin, transparent, trass, valium, vinyl, voks*

Ein bør vurdera å fjerna nøytrum ifrå genusnormeringa til følgjande ord i nynorsk:

*ans, bak, bodskap, børnskap, CV (jf. også cv), dass, dyffel, endskap, faksimile, fenol, fiendskap, filt, fløyel, frendskap, fres, fritenkjarskap, fyk, førarskap, gelatin, glid, grut, kik, kikk, knubb, krangel, krystall, kvekk, lås, miks, morfin, nikotin, rapp (V), rus, sedskap, servitutt, skaldskap, skratt, snus, statutt, tekstil, tjodskap, transparent, vald, vask, villskap, vipp*

### 4.3 Vidare arbeid

Som eg nemnde innleiingsvis, gjorde ramma for oppdraget det naudsynt å avgrensa materialet som ligg til grunn for denne rapporten. For å skaffa seg eit empirisk basert grunnlag for genusnormering i norsk skriftspråk bør ein vurdera å vida ut den føreliggjande undersøkinga på fleire område. For det fyrste bør ein inkludera tekstmateriale som er mindre normstytt. Det kan t.d. vera blogtekstar, nettsidetekstar og annan tekst som er skriven til bruk på internett. Ei mogleg kjelde for slike tekstar er Norwegian Web as Corpus («NoWaC v 1.0 - Institutt for lingvistiske og nordiske studium» 2017). For det andre bør ein vida ut utgangsmaterialet med substantiv som er normerte som femininum og maskulinum (jf. *klasse*), dei som er normerte som femininum og nøytrum i nynorsk (jf. *syn*), og substantiv som kan ha alle tre genusa (jf. *greip*). På sikt kan ein også tenkja seg å undersøkja genusbruken til substantiv som berre har eitt normert genus. Då vil eventuelle tilrådingar gå ut på å vida ut genusnormeringa for visse ord.

## Referanseliste

- «Bibliografi over litteratur om genusvariasjon i norsk skriftspråk». 2017. Vitja 10. januar.  
<https://www.zotero.org/groups/genusvariasjon>.
- Conzett, Philipp. 2004. «Frå einskap til ulikskap? Ei granskning av genustilhøvet ved avleingar på -skap i skandinavisk». *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 22, 2: 169–93. Elektronisk tilgjengeleg på <http://hdl.handle.net/10037/6797>.
- . 2016a. «Ordlaging». I *Mønster. Norsk språkhistorie I*, redigert av Helge Sandøy, 271–315. Oslo: Novus forlag.
- . 2016b. «Bruken av substantiv med fleire kjønn i norsk skriftspråk». Foredrag halde på Språkdagen 2016, Oslo. Elektronisk tilgjengeleg på <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/sprakdagen-2016/id2520179/>.
- . 2017. «Genusvariasjon i norsk skriftspråk», <doi:10.18710/MTEQYP>, UiT Open Research Data Dataverse, V1.
- Enger, Hans-Olav, og Kristian Emil Kristoffersen. 2000. *Inføring i norsk grammatikk: morfologi og syntaks*. Oslo: Landslaget for norskundervisning og Cappelen akademisk forlag. Elektronisk tilgjengeleg på [http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2009070800072](http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2009070800072).
- Hovdenak, Marit, Killingbergtrø, Laurits, Lauvhjell, Arne, Nordlie, Sigurd, Rommetveit, Magne, og Worren, Dagfinn, red. 2006. *Nynorskordboka: definisjons- og rettskrivingsordbok*. 4. utg. Samlaget kunnskap. Oslo: Samlaget. Elektronisk tilgjengeleg på <http://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&nynorsk=+&ordbok=nynorsk>.
- Lain Knudsen, Rune, og Ruth Vatvedt Fjeld. 2013. «LBK2013: A balanced; annotated national corpus for Norwegian Bokmål». I *Proceedings of the workshop on lexical semantic resources for NLP at NODALIDA 2013*. NEALT Proceedings Series 19 / Linköping Electronic Conference Proceedings 88: 12–20. Linköping: Linköping University Electronic Press; Linköpings universitet. Elektronisk tilgjengeleg på <http://www.ep.liu.se/ecp/article.asp?issue=088&article=003&volume=>.
- Landrø, Marit Ingebjørg, og Wangensteen, Boye, red. 2005. *Bokmålsordboka: definisjons- og rettskrivningsordbok*. 3. utg., 2. Oppl. Oslo: Kunnskapsforlaget. Elektronisk tilgjengeleg på <http://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&bokmaal=+&ordbok=bokmaal>.
- «Leksikografisk bokmålskorpus - Institutt for lingvistiske og nordiske studium». 2016. Vitja 20. desember. <https://www.hf.uio.no/ln/tjenester/kunnskap/sprak/korpus/skriftsprakskorpus/lbk/>.
- «Norsk ordbank - Institutt for lingvistiske og nordiske studium». 2016. Vitja 20. desember. <https://www.hf.uio.no/ln/om/organisasjon/edd/forsking/norsk-ordbank/>.
- «Norsk Ordbooks Nynorskkorpus». 2016. Vitja 20. desember. [http://no2014.uio.no/korpuset/conc\\_enkeltsok.htm](http://no2014.uio.no/korpuset/conc_enkeltsok.htm).
- «NoWaC v 1.0 - Institutt for lingvistiske og nordiske studium». 2017. Vitja 3. januar. <https://www.hf.uio.no/ln/om/organisasjon/tekstlab/prosjekter/nowac/index.html>.
- «Rettsskrivingsreformer». 2016. *Språkrådet*. Vitja 23. desember. <http://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/Rettsskrivingsreformer/>.
- «TROLLING - The Tromsø Repository of Language and Linguistics». 2016. Archive for open research data in linguistics. Vitja 21. desember. <https://opendata.uit.no/dataverse/trolling>.
- Aasen, Ivar. 2003 [1873]. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Ny utg. ved Kristoffer Kruken og Terje Aarset. Samlagets bøker for høgare utdanning. Oslo: Samlaget.

## Vedlegg 1: Utgangsmaterialet for bokmål

adelskap, agens, akryl, allegretto, allegro, aluminium, androgen, ans, antipyrin, aspekt, astrakan, bak, belj, beredskap, blunk, bombasin, bor, bordell, boucle, bouclé, broderskap, brokk, brudelys, bruk, brøst, butan, bygg, canvas, carnet, clou, comeback, come-back, crescendo, CV, cv, dask, dass, data, datum, design, deuteron, dilt, diminutiv, dirr, diss, djevelskap, do, drawback, dreiel, drett, drill, driv, drive-in, drops, drøss, dukk, dunk, dupp, dyffel, edder, ekorn, ekorn, eksem, faenskap, faksimile, fall, fandenskap, farin, fiendskap, firblad, fjøs, flash, flikflakk, flir, fluor, fløyel, forkim, formalin, formular, fosfor, fos-sil, frendskap, fres, frys, fyk, fynd, fysiognomi, ganglie, gangren, gant, geip, gelatin, gen, genus, gissel, gjel, gjenge, gjesp, glefs, glepp, glette, glid, glimt, glip, glipp, glis, glissando, gløtt, gnav, gnirk, granneskap, grus, grut, gufs, gulp, gust, gøy, hang, hark, hedenskap, hekto, hendiadyoin, henseende, heroin, hikk, hikst, hiv, hjonskap, holt, host, hulk, husk, hynde, hynne, hyre, ibenholt, idioti, ikon, image, inn-putt, jafs, jod, jævelskap, kakk, kali, kaliber, kamfer, kandidatur, kanevas, kant, kanvas, karbid, karbolineum, karmin, kautel, kik (II), kik (III), kikk, kilo, kingelvev, kinin, kink, kinks, kipp, kjede, kjennskap, -kjevle\*, klander, klapp, klaps, klask, klaviatur, klick, klimaks, klingklang, klink, klips, klirr, klukk, klynk, klyp, knakk, knegg, knekk, knepp, knirk, knis, knups, knyst, kobolt, koffein, kok (II), kok (III), kokain, kolesterol, komp, kompass, kompliment, kongrovev, kongslys, korpus, koss, krasj, kremt, kroki, krus, kryp, krystall, kvartil, kvekk, kvelv, kvin, kvink, kyss, lade, lagje, lav, linon, litografi, lov (II), lov (III), lyng, løytnantshjerte, lås, madapolam, madras, magma, magnesium, maigull, mak, makrame, makramé, marm, marmor, mask (I), mask (II), merino, merskum, metier, miks, mohair, mokett, monn, morfin, morin, mugg (III), mugg (IV), musselin, møll, nanking, napp, narreskap, nattlys, nebb, negativ, neglisje, neglisjé, nikke, nikkel, nikotin, nipp, nirvana, nitritt, nomenklatur, null, nurk, nykk, nykke, nys, nøkk, os, pell, perlemor, pes, petimeter, piff, pip, plebisitt, plural, popkorn, positiv, potpurri, prat, preamble, premiss, prim, prokura, promemoria, propan, pryl, puff, purr, push, puss, rack, rammel, rap, rapp, rauk, raus, raut, rav, reagens, redskap, rekel, riks, rim, ritornell, rummel, rus, rykk, sakkarin, servitutt, singel, sink, sjømannskap, skap, skimt, -skjegg\*, skoft, skratt, skrell, skrubb, skubb, skump, skyldskap, skøy, slark, slektskap, sliddersladder, slyng, smart, smeis, smekk, smell, smikk, smil, snakk, snev, snork, snufs, snurp, sommel, spesies, spindelvev, spotlight, spreng, sprett, sprik, sprøyt, stakitt, stankelbein, stankelben, statutt, staut, stim, stopp, strekk, stress, stryk, stryknin, styggeskap, støp, sukk, sulfitt, surr, sus, suss, svovel, svupp, sål, taft, tang, tant, tarv, tein, tekstil, telehiv, termitt, terpentin, tidtrøyte, to, transparent, trass, triangel, trofe, trofé, trollskap, trykk, tulleskap, turmalin, tusseskap, tyll, ultramarin, utskei, utsving, vad, vagl, vagle, valdrapp, valium, vandskjær, vatt, velur, venushår, vette, vibrato, vinyl, vipp, visk, vismut, visp, viv, voks, vørter, våk, west-end, ymt, ynk, øre, åger

(\* -kjevle og -skjegg er i ordboka oppførte med bindestrek av di dei berre finst i samansetningar, t.d. *dunkkjevle* og *haukeskjegg*. Etterlekkane i desse samansetningane er altså ikkje identiske med dei to usamansette nøytrumsorda *kjevel* og *skjegg*.)

## Vedlegg 2: Utgangsmaterialet for nynorsk

adagio, adelskap, agens, akonitin, akryl, allegretto, allegro, alter ego, aluminium, amatørskap, ans, antipyrin, aspekt, aspirin, bak, bakkels, bakkelse, bank, bask, bast, baul, belj, biv, bjor, bodskap, bombasin, bor, bordell, borgarskap, brokk, brorskap, bruk, bukk, butan, bygg, børnskap, bøvelskap, clou, columbi egg, comeback, crescendo, CV, cv, dass, datum, design, diminutiv, djevelskap, do, drawback, dreiel, drive-in, drops, drøss, dunder, dunk, dus, dust, dyffel, dyll, eigarskap, eksem, endskap, enfant terrible, entreprenørskap, ess, etyl, etylen, fadderskap, faenskap, faksimile, fandenskap, fanteskap, farin, farisearskap, farkeskap, farskap, felagskap, fellesskap, fenol, ferromangan, fiendskap, filleskap, filt, fjerne, fjøs, fjåm, flash, fleir, flikkflakk, flin, flir, fluor, flytt, fløyel, fløyt, fordingskap, forfattarskap, formalin, formular, formyndarskap, forsagd, forsagt, fosfor, fostbrorskap, frendskap, fres, frimurarskap, fritenkarskap, fritenkjarskap, fyk, fylgjeskap, fyr, fysiognomi, følgeskap, følgjeskap, førarskap, galder, galning-skap, ganglie, gangren, gant, gelatin, gen, genus, gisl, gjel, gledskap, glefs, glepp, glid, glimt, glis, glissando, gløtt, gnav, gnell, gny, granneskap, grep, grudd, grugg, grus, grut, grål, gufs, gulp, gøy, hag, handelsborgarskap, hark, heimel, heimfødingskap, hekto, heliotrop, heptagon, heroin, hikk, hjonskap, holt, hovdingskap, hugs, hulk, husbondskap, husk, hyklarskap, høvdingskap, idioti, ikon, image, innputt, jafs, jod, kali, kaliber, kamelott, kameratskap, kamfer, kandidatur, kanvas, karbid, karborundum, kation, kautel, kik, kikk, kilo, kind, kinin, kjerv, klask, klaviatur, klimaks, klingklang, klink, klips, knakk, knøpp, knirk, knis, knubb, knyst, koffein, kokain, kolesterol, kolin, komp, kompass, kompliment, korpus, koss, krang, krasj, kreml, kreolin, kroki, krystall, kvartil, kvekk, kvelv, kyss, kør, lage, lagje, lakris, langorv, leiarskap, lot, löt, lyng, lås, madapolam, madras, magma, magnesium, makrame, makramé, marmor, marokeng, mask, medlemskap, meisterskap, melde, merino, merskum, meskalin, miks, milt, milte, minutt, moderskap, mohair, molybden, morfin, morskap, mugg, mugg, mukk, musselin, mutagen, mågskap, naboskap, naftalen, nanking, narr, nebb, negativ, negatron, nest, nik, nikkel, nikotin, nipp, nirvana, nitritt, nukleon, null, nykk, nys, nære, nøytron, operatørskap, opium, ordførarskap, palmin, palmitin, pank, partnarskap, perpetuum mobile, pes, petimeter, pikk, pizzicato, pjank, plebisitt, positiv, potpurri, prakkarskap, preamble, prim, prokura, promemoria, propan, pryl, puff, purr, puss, pust, rack, rall, rammel, rap, rapp, rapp, rass, raster, rauk, raus, reagens, reaktant, riks, rikt, rist, rus, rykk, sakkarin, salisyl, sangl, sanskrit, sedskap, sekund, sentrosom, servitutt, sink, sjømannskap, skaldskap, skil, skjelv, skjemt, skoft, skratt, skubb, skvalp, skøy, sladder, slektskap, slepp, slyng, smart, smell, smil, snork, snurp, snus, spermie, spissborgarskap, spotlight, sprett, sprik, sprøyt, stand, statsborgarskap, statutt, staut, stogg, stopp, strek, strekk, stress, stryknin, stuttorv, substitutt, sukk, sulfitt, sus, suss, svangerskap, svovel, svupp, syskenskap, sisterskap, sørskenskap, søsterskap, tafs, taft, tang, tant, tartan, tein, teknik, terpentin, terylene, tidarkort, tidkort, tjodskap, transparent, trass, traveskap, treff, triangel, trofe, trofé, trollskap, trykk, tur, turmalin, tusk, tussekspak, tvik, tyll, tympanon, tyri, ul, ultramarin, utkik, utkikk, utputt, uvettingskap, uvitingskap, vad, vagl, vagle, vald, vask, vatt, velde, velur, vennskap, venskap, veronal, villskap, vipp, vismut, voks, våeskap, vål, wc, yl, ymt, zweck, øre

## Vedlegg 3: Oppsett på korpusøk

I begge dei to korpusa som er nytta i undersøkinga, er det mogleg å søkja på lemmannivå, dvs. at ein spesifiserer oppslagsform (eventuelt med trunkert førstelekk) og ordklasse, og så inkluderer systemet automatisk alle moglege bøyingsformer for det valde lemmaet. Eg utførte nokre testsøk på den måten, men det viste seg at denne metoden gav for upresise treff, og at ein ikkje fekk tilslag på ein god del relevante belegg. Eg valde difor å søkja på ordformnivå med unntak av nokre få ord, som eg skal gjera greie for nedanfor. Eg brukte den avanserte søkjefunksjonen i begge korpusa. Søkjestrenge for ordformene *\*saga*, *\*sagas*, *\*Saga* og *\*Sagas* ser då slik ut: [word=".\*[Ss]agas\*"]. Ei detaljert utgreiing om oppbygginga av søkjesyntaksen finn ein på hjelpesidene til dei to korpusa.

Nokre av fleirgenusorda har svært frekvente homografer, t.d. *bygg* og *bak*. I tilfellet *bygg* har eg skumma gjennom fleire tusen belegg. I tilfellet *bak* har eg avgrensa søket ved å ekskludera preposisjonar. I Nynorskkorpuset nytta eg søkjestrenge [word=".\*[Bb]ak" & msd!="PREP.\*"], og i Bokmålskorpuset [((word=".\*[Bb]aks\*") & !((ordkl="prep"))]. Søket på førekomstar av ordet *melde* i Nynorskkorpuset avgrensa eg til ikkje-substantiv: [word=".\*[Mm]elde" & msd!="V.\*"]. Det same gjeld *husk*, her avgrensa eg søket til substantiv, dvs. [((word=".\*[Hh]usks\*") & ((ordkl="s"))]. Bokmålskorpuset takla ikkje søk på [word=".\*[Rr]ykks\*"], difor kørde eg søk på usamansette former, dvs. [word="\*[Rr]ykk\*"] og desse samansettningane: *innrykk*, *opprykk*, *utrykk*. Søk i Bokmålskorpuset etter ordformer på *\*fall* og *\*ans* tok for lang tid. Her avgrensa eg meg til usamansette former. Det same gjeld *to*, som eg i tillegg avgrensa til substantiv. Ordforma *laga* gav for mange tilslag i Nynorskkorpuset. Her måtte eg eksplisitt avgrensa til substantiv: [word="\*[Ll]aga" & msd="S.\*"]. Det same gjeld ordformene *nest* og *nesten*: [word=".+[Nn]ests\*" & msd="S.\*"] og [word="\*[Nn]estens\*" & msd="S.\*"].

## Vedlegg 4: Genusfordeling i bokmålsmaterialet

Grunnform	Tal på eintydige genusbelegg				Prosent		
	f.	m.	n.	Sum	f.	m.	n.
adelskap			43	43			100
agens		12	6	18		67	33
akryl							
allegretto							
allegro		2		2			100
aluminium		23	14	37		62	38
androgen							
ans							
antipyrin							
aspekt	1	2182	2183		0		100
astrakan							
bak							
belj							
beredskap		386	15	401		96	4
blunk		8	241	249		3	97
bombasin							
bor		2	127	129		2	98
bordell		24	57	81		30	70
boucle							
bouclé							
broderskap			40	40			100
brokk		6	13	19		32	68
brudelys							
bruk		7859	763	8622		91	9
brøst							
butan		2		2			100
bygg		10	3	13		77	23
canvas		20	1	21		95	5
carnet							
clou			6	6			100
comeback	1	55	56		2		98
come-back			8	8			100
crescendo		3	36	39		8	92
cv		34	3	37		92	8
CV		94	2	96		98	2
dask		16	16	32		50	50
dass		140	5	145		97	3
data		22		22			100
datum			4	4			100
design		323	620	943		34	66
deuteron		3	1	4		75	25
dilt							

Grunnform	Tal på eintydige genusbelegg				Prosent		
	f.	m.	n.	Sum	f.	m.	n.
diminutiv		1	1	2		50	50
dirr			14	14			100
diss							
djevelskap		20	8	28		71	29
do		457	53	510		90	10
drawback			7	7			100
dreiel							
drett							
drill							
driv		14	102	116		12	88
drive-in							
drops		9	48	57		16	84
drøss		97	3	100		97	3
dukk		33		33		100	
dunk		1	205	206		0	100
dupp		2	1	3		67	33
dyffel		1		1		100	
edder							
ekorn		3	210	213		1	99
eksem		31	32	63		49	51
faenskap		88	54	142		62	38
faksimile		27		27		100	
fall			1	1			100
fandenskap			4	4			100
farin		1		1		100	
fiendskap		18	63	81		22	78
firblad							
fjøs		63	1539	1602		4	96
flash			5	5			100
flikkflakk		1	2	3		33	67
flir		14	317	331		4	96
fluor		4		4		100	
fløyel		95	1	96		99	1
forkim		4	8	12		33	67
formalin		1		1		100	
formular		18	69	87		21	79
fosfor		14	37	51		27	73
fossil		21	42	63		33	67
frendskap							
fres		21	13	34		62	38
frys			1	1			100
fyk		15	1	16		94	6
fynd		1		1		100	
fysiognomi		12		12		100	

Grunnform	Tal på eintydige genusbelegg				Prosent		
	f.	m.	n.	Sum	f.	m.	n.
ganglie							
gangren		1		1		100	
gant							
geip	59	8	67		88	12	
gelatin	32	1	33		97	3	
gen	1	566	567		0	100	
genus		2	2			100	
gissel		1	84	85		1	99
gjel		1		1		100	
gjenge	16	8	24		67	33	
gjesp	34	91	125		27	73	
glefs		19	19			100	
glepp							
glette							
glid	17		17		100		
glimt		2029	2029			100	
glip	2		2		100		
glipp	120	13	133		90	10	
glis	2	280	282		1	99	
glissando	1	3	4		25	75	
gløtt	69	109	178		39	61	
gnav							
gnirk		1	1			100	
granneskap							
grus	653	2	655		100	0	
grut		34		34		100	
gufs	6	157	163		4	96	
gulp	1	27	28		4	96	
gust							
gøy		2	2			100	
hang	185		185		100		
hark		6	6			100	
hedenskap	6	5	11		55	45	
hekto	9	4	13		69	31	
hendiadyoin							
henseende	84	116	200		42	58	
heroin	29	11	40		72	28	
hikk		9	9		100	100	
hikst		94	94			100	
hiv	1	14	15		7	93	
hjonskap							
holt	1	2	3		33	67	
host	1	45	46		2	98	
hulk	4	40	44		9	91	

Grunnform	Tal på eintydige genusbelegg				Prosent		
	f.	m.	n.	Sum	f.	m.	n.
husk							
hynde							
hynne							
hyre	5	9	14		36	64	
ibenholz	4		4		100		
idioti	36	31	67		54	46	
ikon		286	286			100	
image	45	185	230		20	80	
innputt	11	2	13		85	15	
jafs	51	55	106		48	52	
jod	2	12	14		14	86	
jævelskap	20	11	31		65	35	
kakk	2	20	22		9	91	
kali	13	1	14		93	7	
kaliber	9	78	87		10	90	
kamfer	2		2		100		
kandidatur	2	87	89		2	98	
kanevas							
kant							
kanvas	6		6		100		
karbid	7	1	8		88	12	
karbolineum							
karmin							
kautel							
kik (II)							
kik (III)							
kikk	270	9	279		97	3	
kilo	262	110	372		70	30	
kingellev	3		3		100		
kinin	5		5		100		
kink	3	4	7		43	57	
kinks							
kipp							
kjede	1	1742	528	2271	0	77	23
kjennskap		351	325	676		52	48
-kjevle		4		4		100	
klander	2		2		100		
klapp	55	110	165		33	67	
klaps	15	37	52		29	71	
klask	6	85	91		7	93	
klaviatur		32	32			100	
klikk	2	230	232		1	99	
klimaks		219	219			100	
klingklang		1	1			100	

Grunnform	Tal på eintydige genusbelegg				Prosent		
	f.	m.	n.	Sum	f.	m.	n.
klink			4	4			100
klips		8	11	19		42	58
klirr			29	29			100
klukk			5	5			100
klynk			69	69			100
klyp			3	3			100
knakk			6	6			100
knegg			8	8			100
knekk	486	22	508		96	4	
knepp			82	82			100
knirk		2	26	28		7	93
knis			10	10			100
knups							
knyst	2	28	30		7	93	
kobolt		8	8		100		
koffein	9	5	14		64	36	
kok (II)	1	11	12		8	92	
kok (III)	60	6	66		91	9	
kokain		25	11	36		69	31
kolesterol	4	131	135		3	97	
komp			64	64			100
kompass			178	178			100
kompliment	184	74	258		71	29	
kongrovev		2	2		100		
kongslys							
korpus	15	143	158		9	91	
koss	1	1	2		50	50	
krasj		17	86	103		17	83
kremt	1	46	47		2	98	
kroki	1		1		100		
krus		1	1				100
kryp	1	115	116		1	99	
krystall	155	57	212		73	27	
kvartil							
kvekk							
kvelv	2		2		100		
kvin		4	4				100
kvink		2	2				100
kyss	3	988	991		0	100	
lade		6	6				100
lagje							
lav	29	13	42		69	31	
linon							
litografi	5	44	49		10	90	

Grunnform	Tal på eintydige genusbelegg				Prosent		
	f.	m.	n.	Sum	f.	m.	n.
lov (II)							
lov (III)							
lyng	238	15	253		94	6	
løytnantshjerte	1	1	2		50	50	
lås	1550	6	1556		100	0	
madapolam							
madras							
magma	17	5	22		77	23	
magnesium	1	4	5		20	80	
maigull							
mak							
makrame							
makramé							
marm							
marmor	96	9	105		91	9	
mask (I)							
mask (II)							
merino	1		1		100		
merskum	1		1		100		
metier		4	4			100	
miks	161	1	162		99	1	
mohair							
mokett							
monn	20	165	185		11	89	
morphin	32	6	38		84	16	
morin							
mugg (III)	13	1	14		93	7	
mugg (IV)	40		40		100		
musselin	3		3		100		
møll	33	2	35		94	6	
nanking							
napp		1	1			100	
narreskap							
nattlys							
nebb	10	489	499		2	98	
negativ	7	39	46		15	85	
neglisje	2		2		100		
neglisjé	7		7		100		
nikk	1	450	451		0	100	
nikkel		4	4			100	
nikotin	31	17	48		65	35	
nipp	2	403	405		0	100	
nirvana	1	3	4		25	75	
nitritt							

Grunnform	Tal på eintydige genusbelegg				Prosent		
	f.	m.	n.	Sum	f.	m.	n.
nomenklatur		36	3	39		92	8
null		42	78	120		35	65
nurk			25	25			100
nykk							
nykke		5	3	8		62	38
nys			39	39			100
nøkk			3	3			100
os		10	21	31		32	68
pell							
perlemor		4	2	6		67	33
pes			9	9			100
petimeter		5	17	22		23	77
piff		34	3	37		92	8
pip		2	156	158		1	99
plebisitt							
plural							
popkorn		2	15	17		12	88
positiv							
potpurri		1	15	16		6	94
prat		1359	185	1544		88	12
preamble			3	3			100
premiss		86	245	331		26	74
prim		5	1	6		83	17
prokura							
promemoria			5	5			100
propan		2		2			100
pryl		6		6			100
puff		2	99	101		2	98
purr							
push			2	2			100
puss		4	6	10		40	60
rack			4	4			100
rammel			6	6			100
rap		22	30	52		42	58
rapp		49	1	50		98	2
rauk		2	2	4		50	50
raus							
raut			12	12			100
rav							
reagens		6	23	29		21	79
redskap		198	1077	1275		16	84
rekel			3	3			100
riks							
rim		6	34	40		15	85

Grunnform	Tal på eintydige genusbelegg				Prosent		
	f.	m.	n.	Sum	f.	m.	n.
ritornell							
rummel							
rus	933	2	935		100	0	
rykk	3	622	625		0	100	
sakkarin							
servitutt	81		81		100		
singel							
sink	6		6		100		
sjømannskap		8	8			100	
skap							
skimt	10	10	20		50	50	
-skjegg	2		2		100		
skoft							
skratt	13	14	27		48	52	
skrell		1	1			100	
skrubb		4	4			100	
skubb	1	9	10		10	90	
skump							
skyldskap							
skøy	1		1		100		
slark		1	1			100	
slektskap	6	281	287		2	98	
sliddersladder							
slyng	29	12	41		71	29	
smatt		6	6			100	
smeis							
smekk	91	34	125		73	27	
smell	10	820	830		1	99	
smikk							
smil	9	5927	5936		0	100	
snakk	12	414	426		3	97	
snev	163	387	550		30	70	
snork	1	7	8		12	88	
snufs		12	12			100	
snurp	2		2		100		
sommel		7	7			100	
spesies							
spindelvev	7	59	66		11	89	
spotlight	17	3	20		85	15	
spreng	3	2	5		60	40	
sprett	4	26	30		13	87	
sprik	5	133	138		4	96	
sprøyt	36	3	39		92	8	
stakitt	1	62	63		2	98	

Grunnform	Tal på eintydige genusbelegg				Prosent		
	f.	m.	n.	Sum	f.	m.	n.
stankelbein			3	3			100
